

Høyanger, 10.12.10

Arb.dep.
Postboks 8019 Dep.

0030 OSLO

Høyrings svar på vikarbyrådirektivet

Raudt Høyanger meiner at arbeidsmiljølova skal sikre alle arbeidrarar eit oppseiingsvern og grunnleggande faglege rettar. Dersom EU sitt vikarbyrådirektiv vert innført i Noreg, vil dette ikkje lenger vere mogleg. Regjeringa må difor leggje ned veto mot direktivet.

Det er i dag om lag 2500 registrerte bemanningsselskap i Noreg i følge Brønnøysundregisteret. Bruken av slike selskap har auka kolossalt dei siste 10 åra. Dette har ført til svekking av faglege rettar for mange arbeidstakarar. Vikarar vert oftast løna dårlegare enn fast tilsette, oppseiingsvernet er mykje dårlegare og mange vert nekta å organisere seg i ei fagforeining om dei vil halde fram i jobben. Stadig fleire vil også oppleve at dei har problem med å få lån, og det gjer det vanskeleg å etablere seg.

EU sitt vikarbyrådirektiv vil forsterke denne utviklinga. Til no har arbeidsmiljølova (aml) vore ein garanti mot stor bruk av mellombels tilsette. Det er særleg § 14.12 og § 14.9 som no står for fall. Fleire i regjeringa har teke til orde for at det ikkje vil verte kravd endringar i aml ved innføring av direktivet, men anten er dei naive, eller så fører dei med vitande og vilje folk bak lyset. All røynsle med EU-regelverket tilseier at det vert EFTA-domstolen som avgjer tvilstilfelle og ikkje norske politikarar.

Raudt Høyanger vil at me i Noreg skal ha eit arbeidsliv med trygge, faste tilsetjingar, der arbeidstakarane er sikra tarifflønn og gode velferdsordningar. At NHO no seier ja til direktivet, er ikkje så overraskande. Men at ei regjering som kallar seg raudgrøn ser ut til å meine det same, er skremmande. Raudt Høyanger krev at regjeringa bruker reservasjonsretten i EØS-avtalen! Det er for seint å snyte seg når nasen er vekke!

Med helsing
Raudt Høyanger



Einar Rysjedal
leiar